

Til  
Stad kommune

[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)  
[post@abo-ark.no](mailto:post@abo-ark.no)  
[poststord@abo-ark.no](mailto:poststord@abo-ark.no)

**Avdeling Os**  
Hamnevegen 53,  
PB. 291, 5203 Os  
Tlf: 56 57 00 70

**Avdeling Stord**  
PB. 32, 5401 Stord  
Tlf: 906 61 631

Dato: 01.10.2021  
Vår ref.: 202153900

## Detaljregulering for SjømatStaden på Kalneset, - Tinging av oppstartsmøte og planinitiativ


Kalneset har i dag eit stort ubrukt potensial for ulike næringsaktivitetar. Området er særleg attraktivt for næringar som treng tilgang til sjøen. Hovudføremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei næringsklynge som omfattar verksemd knytt til sjømatproduksjon, forskning og kontorplassar for marine næringar. I tillegg vil ein regulere dei høgareliggjande areala for bygg og anlegg med meir. Som ein del av utvikling av SjømatStaden vert moglegheit for å overføre overskotsvarme frå Lefdal datasenter til Kalneset undersøkt. Ein transformasjon av området til ein samlingsstad for den blånæringa vil kunne generere store ringverknadar både lokalt og regionalt. Planane for området vil kunne medverke til kunnskapsdeling og -utvikling, samstundes som det vert gjort tilgjengeleg areal for lokale verksemder.

Nærings- og kaiområdet var tidlegare nytta til utskiping av olivin frå Lefdal gruve. Denne aktiviteten vart lagt ned i 2009, og sidan da har området vore lite i bruk. Tiltakshavar for planarbeidet er Kalnes Salmon AS, som er eigd av selskapa Kvernevik og Eide Fjordbruk. Kvernevik fekk i 2019 hand om området og har ein langsiktig festeavtale om bruk av eigedomane. I tillegg til næringsføremåla vil ein regulere areala nord på Kalneset til naust, småbåthamn og grøntområde.

ABO ønskjer med dette å tinge oppstartsmøte som vert gjennomført i oktober 2021.

I samband med tinging av oppstartsmøtet er det utarbeida eit notat for å svare opp krav i forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova.

### Kontaktinformasjon tiltakshavar:

Kalnes Salmon AS 	Prosjektleder: Marius Johan Svoren, Kvernevik AS Tlf.: 951 99 815. E-post: <a href="mailto:marius@kvernevik.as">marius@kvernevik.as</a>
---	--

### Kontaktinformasjon konsulent:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS Adresse: Torgbakken 9, 5401 Stord 	Prosjektleder: Turid Verdal Tlf.: 905 22 958. E-post: <a href="mailto:turid@abo-ark.no">turid@abo-ark.no</a>
--	---

Med vennleg helsing  
ABO Plan & Arkitektur Stord  
Turid Verdal

## Planinitiativ

<b>PLANINITIATIV .....</b>	<b>2</b>
1.1 BOKSTAV A) FØREMÅL MED PLANEN.....	2
1.2 BOKSTAV B) PLANOMRÅDET .....	2
1.3 BOKSTAV C & D) PLANLAGT BEBYGGELSE, ANLEGG OG ANDRE TILTAK, SAMT UTBYGGINGSVOLUM OG BYGGEHØGDER .....	4
1.4 BOKSTAV E & F) FUNKSJONELL OG MILJØMESSIG KVALITET, SAMT TILTAKET SIN VERKNAD PÅ OG TILPASSING TIL LANDSKAP .....	6
1.5 BOKSTAV G) FORHOLDET TIL KOMMUNEPLAN ETC. ....	8
1.6 BOKSTAV H) VESENTLEGE INTERESSER.....	8
1.7 BOKSTAV I) SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS .....	10
1.8 BOKSTAV J) KVA OFFENTLEGE ORGAN OG ANDRE INTERESSERTE SOM SKAL VARSLAST VED OPPSTART.....	10
1.9 BOKSTAV K) PROSESSAR FOR SAMARBEID OG MEDVERKNAD .....	10
1.10 BOKSTAV L) VURDERING AV OM PLANEN ER OMFATTA AV FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING.....	10

### 1.1 Bokstav A) Føremål med planen

Arbeidet er knytt til næringsområda på Kalneset som tidlegare var nytta til knusing, foredling og utskipping av Olivin. Hovudføremålet med planarbeidet er å regulere areal til sjøtilknytt næring og kaiar på areala nærmast sjøen i sør, entreprenør- og lagerverksemd på høgda mot Riksvegen/nord aust, og akvakultur i sjøområda sør for neset. I tillegg vil ein regulere for utvikling av eksisterande område med private naust og småbåthamn nord på Kalneset. Nordleg del av og ytre del av Kalneset vil verta regulert til føremål i tråd med overordna planar.



Figur 1. Dronefoto slik næringsområdet vert nytta i dag.

### 1.2 Bokstav B) Planområdet

Planområdet er føreslege med bakgrunn i kommuneplanen for Vågsøy (2002) sine utbyggingsføremål, i eigedomsgrensar, siktsoner i kryssløysing til rv. 15, samt forslag til KPD for sjø (Stad) med kombinert føremål sør for Kalneset (2.gangshøyring 15.06.2021). Forslag til planområde er relativt romsleg for å kunne gi rom for avklaringar og løyse uventa forhold i løpet av prosessen. Ein vil vurdere å redusere plangrensa i løpet av planprosessen til det som er nødvendig.

Forslag til planområde utgjer om lag 550 daa, fordelt på om lag 155 daa på land og om lag 395 daa i sjø. Planen regulerer eigedomane gnr. 177/6/1, 2, 177/11/1, 2, 177/6, 177/12, 177/13, 177/15, 177/17, 177/32, 177/41 og 177/60. Deler av gnr. 177/62, 178/8 og 178/2 er også del av planområdet.



Figur 2 Forslag til plangrense synt med stipla linje.

### Om eigeomsforholda

Eigeomsgrensene på Kalneset er fastsett gjennom jordskiftesak frå 1965-67. I dette jordskiftet vart det lagt ut eit fellesareal for framtidig vegtilkomst (heretter kalla «fellesvegen») til teigane på Kalneset. Denne fellesvegen vart aldri opparbeida. Ei tid seinare vart det starta opp med utskipping av olivinmassar på Kalneset og då vart det av Olivin AS etablert ein driftsveg på området som grunneigarane fekk tilgang til å bruke, utan at dette var formalisert på noko måte. Vidare bygde Olivin AS ut området med anlegg på ein slik måte at utbygging av fellesvegen ikkje lenger var aktuelt. Det vart difor i 1987 halde ei ny jordskiftesak som gav dei med rettar i fellesvegen bruksrett i den opparbeidde driftsvegen på området. Arealet til fellesvegen vart ikkje endra i dette jordskiftet, slik at dette arealet ligg framleis som eit fellesareal for eigedomane på Kalneset, sjølv om bruksretten er knytt til opparbeidd veg.

I samband med planane for SjømatStaden vil dagens vegtrase bli noko endra. Vi ønsker difor å få endra bruksrettane slik at desse følger vegtrase iht. ny reguleringsplan, samt at fellesarealet vert utdelt på dei ulike teigane på Kalneset. Det er antatt at dette må ordnast via jordskifteretten. Vidare kan det bli aktuelt å slå saman fnr. 1 og 2 under gnr. 177/6 og fnr. 1 og 2 under gnr. 177/11 for å rydde opp meir i eigeomsforholda.


Stad kommune gjennomførte i 2020 ei kvalitetsheving av det digitale eigeomskartet for Kalneset. Før dette vart det store manglar/feil i eigeomsgrensene.

### 1.3 Bokstav C & D) Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak, samt utbyggingsvolum og byggehøgder

Planlagt næringsområde og føremål i sjø vil vera tilnærma likt som i gjeldande kommuneplan for Vågsøy (2002) og forslag til ny KPD for sjøareala i Stad kommune (høringsversjon 15.06.2021). Ein ønskjer la grønstruktur nord på Kalneset bestå, samt regulere for naustformål og ei mindre utviding av eksisterande småbåthamn (10-15 båt plassar).

Det er utarbeida eit tidleg skissegrunnlag for utnytting av landarealet, sjå figur under. Denne skissa vil vera grunnlaget for vidare arbeid og viser intensjon for arealbruken på dette stadiet i prosjektet.


- Delområde 1: Næring som ikkje treng ligge tilknytt sjøen. Her er det planlagt areal for m.a. Kvernevik AS si verksemd knytt til lager, verkstad og kontorplassar etc. Det er også aktuelt å regulere for forretning her.
- Delområde 2: Kaiareal og næringsverksemd som må ligge ved sjø. Areal for landbasert akvakultur, forskning og teststasjonar. Dei areala som skal nyttast til landbasert akvakultur må ligge mellom kote +3-6 pga. akvakulturtekniske forhold. Areal som ikkje vert planlagt til akvakultur er tenkt på eit mellom platå, ca. kote +13, der andre funksjonar som t.d. kontor og servicefasilitetar kan etablerast. Grensa mellom nivå skal planarbeidet avklare. Det er planlagt for djupvasskai langs heile kystlinja. Omfang av mogleg utfylling i sjø basert på forslag til KDP for sjøareala er redusert pga. store djupner i sjøen.
- Delområde 3: Areal i sjø for matfiskproduksjon i lukka anlegg. Det planlagde anlegget vil vera basert på ein teknologi som gjer at m.a. utslepp/slam vil bli samla, evt. bearbeide/prosjesert og frakta vekk frå området. Planområdet inkluderer tilstrekkeleg areal for å kunne etablere fortøyingar inn til land. Ut i sjø vil fortøyingar strekke seg ut i areal der kommuneplan er gjeldande.
- Delområde 4: Eksisterande naustområde med moglegheit for bygging av nye naust (fortetting). Utvida småbåthamn med endring av molo for å skjerme hamneområdet ytterlegare.



Figur 3 Tidleg skisseløysing for utnytting av området (Kjelde: Kvernevik AS)

Planområdet utgjør store næringsområde og utbygging av området vil truleg skje etter kvart som SjømatStaden utviklar seg. Næringsføremåla i kommuneplanen på vestsida av rv. 15 er i overkant av 140 daa stort. Det vil vera behov for noko fleksibilitet for t.d. planeringshøgde og utnyttingsgrad. I planarbeidet vil ein søke å detaljere området tilstrekkeleg for å kunne synleggjere verknadane av planen. Arealutnyttinga er på dette stadiet av prosjektet ikkje konkretisert, og vidare planarbeid skal definere arealbehovet for nytt anlegg, samt avgrense arealføremål som opnar for terrenginngrep.

- Ein ønskjer å kunne nytte store deler av området til forskning og utvikling knytt til sjømatproduksjon. Det vil regulerast for produksjonslokale med tilhøyrande infrastruktur som lagring og handteringa av t.d. fôr, slam og oksygen. Biogassproduksjon av restar frå matproduksjonen kan også vera aktuelt i området. Ein vil også opne for arbeidsplassar og kontorfasilitetar i området, samt hyblar for midlertidig opphald. Det er aktuelt å regulere for forretningar knytt til arealkrevjande varar på det øvre nivået. Prosjektet er i ein tidleg fase og vil utvikle seg over tid. Det er såleis naturleg å regulere kombinerte næringsføremål for å ikkje utelukka verksemdar eller aktivitetar.
- Det er planlagt for inngrep i terrenget utover eksisterande situasjon. Attbruk av ein del av installasjonane som finst på området er aktuelt. Planarbeidet vil sette minimum/ maksimum bygg- og planeringshøgde. Ein vil legge til rette for å etablere næringsareala på eigna planeringshøgde, truleg på tre nivå frå kote +20 til +3. Dagens kaiareal ligg på ca. kote +3 og areala ved rv. 15 ligg på kote +18-20. Konkret byggehøgde innanfor dei ulike delområda er for tidleg å sei noko om no, men det er behov for god byggehøgde med omsyn til funksjonalitet. Vidare planarbeid vil avklare inndeling av næringsområda i naturlege nivå ut frå landskapsverknader, praktisk/funksjonelt bruk, arealbehov og masseberekning.
- Eksisterande kaiar vil vidareførast og det er planlagt regulert for utviding av desse i lengde. Ein vil vurdere om ny djupvasskai i vest vert ope for andre verksemdar/funksjonar enn dei som vert etablert på næringsområdet.
- Eksisterande vegetasjonsbelte i nord er vil bli vidareført.
- Ein vil i planarbeidet sjå på kryssløysinga til rv. 15. Ein vil dimensjonere for at kryssløysing til rv. 15 er iht. HB N100 Hø1 - Øvrige hovedveger, ÅDT < 4 000 og fartsgrense 80 km/t.
- Naust og småbåthamn er av mindre skala og vil bli planlagt i tråd med overordna plan. Tilkomstveg vil truleg verta flytta ift. dagens situasjon. Ein vil i planarbeidet avklare behov for å regulere areal i nordaust til naustføremål med tilhøyrande køyreveg.



Figur 4. Tidleg illustrasjonar for utnytting av næringsområda (Kjelde: Stadsutviklaren AS).

Det er privat løysing for avløp i området, og dette vil verta vidareført i planarbeidet. Det er kommunal 160 mm vassleidning inn til området og dette vil vera tilstrekkeleg kapasitet for kontorverksemdar mm.. Tilgang på produksjonsvatn (fersk- og sjøvatn) vil kunne løysast med inntak av sjøvatn eventuelt borehol. Ein vil i prosessen avklare løysing og kapasitet for sløkkevatn. Per i dag ser ein moglegheit for å bruke kommunalt vatn

fordelt på minimum 2 uttak, og/eller buffertankar med ferskvatn. Antatt krav til sløkkevatn er 3.000 liter/minutt, og at buffertank på dekke 1 time (180m<sup>3</sup>).

Til produksjonen på området vil det verta nytta sjøvatn med inntaksleidning i sjø. Plassering av denne er per i dag ikkje avklara og vert ein del av søknad om konsesjon til akvakulturdrifta. Leidningen vil truleg gå utanfor planområdet. Ein vil også undersøke moglegheit for ferskvasskjelde frå borehol og grunnvatn, samt avsalting av sjøvatn.

Den planlagde bruken av området vil vera energikrevjande. Det er ein trafo på området i dag. Tiltakshavar har kontakt med kraftlaget med omsyn til kapasitet og ev. behov for tiltak i området. I tillegg er ein i gang med eit Enova-støtta forprosjekt for å undersøke moglegheit for å overføre overskotsvarme frå Lefdal datasenter til produksjonslokala på Kalneset. Dette vil verta eit stort positivt bidrag for datasenteret og for verksemdene i planområdet. I tillegg til lokal utnytting av energikjelde vil dette vera eit godt klimatiltak.

#### **1.4 Bokstav E & F) Funksjonell og miljømessig kvalitet, samt tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap**

Etablert næringsareal ligg på sørsida av Kalneset og består av to større djupvasskaiar, areal på kainivå med restar etter utskipingsverksemda (tankar, tipp, leveranseband etc.), kontorbygg, parkering for maskinpark og verkstad til Kvernevik (sjå figur 1). Areala som ikkje er utbygd er furuskog. Det er tilkomst til området frå rv. 15, Nordfjordvegen. Det er om lag 3 mil til Nordfjordeid sentrum frå planområdet.

##### Landskapstilpassing

Planområdet omfattar heile Kalneset som ligg like sør for bygda Bryggja. Området er synleg frå større område og frå nabokommunen Bremanger. Det høgaste punktet på neset er ca. kote +22 (Ørnehaugen), og mot rv. 15 ca. kote +26. I dag er området ei nedlagt utskipingsområde og kaiane vert nytta som opplagskaiar. Kvernevik har rydda ein del på området etter at dei overtok areala, men området er prega av å vera ei nedlagt næringsverksemd.

Planframlegget vil opne for inngrep utover eksisterande bygd næringsområde. Det er ønskeleg å utnytte eksisterande skog i nord for å avgrense innsyn frå bygda Bryggja. Det vil verta utarbeida 3D illustrasjonar frå sentrale punkt i nærområdet for å synleggjere nær- og fjernverknadar. Vidare planarbeid skal avklare behov for inngrep, korleis dei skal løysast og nødvendige avbøtande tiltak.

##### Naturmangfald

Det er ikkje registrert verdifullt naturmangfald innanfor det aktuelle planområdet jf. offentlege databasar (søk gjort i Naturbase og Artskart september 2021). Det er ingen registreringar av naturvernområde, prioriterte artar eller utvalde naturtypar med særskilt vern etter naturmangfaldlova innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er registrert artsobservasjonar i og nær planområdet i Artskart, men ingen av desse er registrert etter år 1990. Kystvassførekomstplanområdet er ein del av, Nordfjord Ytre, er registrert med god økologisk tilstand (vann-nett). Og det er ikkje risiko for å ikkje oppnå miljømåla om god økologiske og kjemisk tilstand. Geologisk er arealet definert som bart fjell



Figur 5. Utklipp frå naturbase.no med naturtypar (grønt/brune areal) og artar av stor/svært stor forvaltningsinteresse (grå/brunt punkt). Kjelde: Fylkesatlas.no.

med tynt eller usamanhengande lausmassar (minst 50% fjell i dagen).

Planarbeidet vil ikkje legge til rette for utbygging i område med kjent verdifull naturmangfald. Planframlegget vil medføre inngrep i terreng, skogkledd areal og noko utfylling i sjø. Det vil verta nytta teknologi som gir minimalt med utslepp til sjø frå planlagt akvakulturverksemd. I samband med lokalitet-/konsesjonssøknad for akvakulturdrift på området vil det verta gjennomført undersøkingar av marint naturmangfald. Dette er dokumentasjon som vil bli nytta i planarbeidet. Vidare planarbeid skal avklare korleis planframlegget vil påverke registreringar i nærområdet, og regulere naudsynte avbøtande tiltak.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registreringar av kulturminne eller eldre bygningar innanfor planområdet. Nærmaste registreringar ligg i bygda Bryggja. Som del av varsel om oppstart vil Vestland fylkeskommune og Museum Vest (tidl. Bergen sjøfartsmuseum) uttale seg kring potensiale for funn i området og behov for synfaring for å avdekke behov for undersøkingar.

#### Strandsone og friluftsliv/folkehelse

Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, og ein vil sette ny byggegrense som del av planarbeidet. Store deler av planområdet er ikkje tilgjengeleg og lite attraktiv for bruk av ålmenta då det har vore aktiv og er eksisterande næringsverksemd her. Området hadde tidlegare status som ISPS-kai, og var da avsperra med gjerde. Nord på Kalneset er det eit mindre naustområde med molo. Dette området skal vidareførast og utviklast. Ein er ikkje kjent med at andre deler av planområdet på land, enn naustområdet, er av interesse eller bruk av ålmenta til rekreasjon og friluftsliv.

Sjøområda nord for Kalneset, fjordområdet mellom Bryggja og Totland er registrert som friluftsområde, *Bryggja sjøområde*. Området er skildra som lokal fiskeplass og krabbefiske. Området er verdisett til viktig (B). Sjøområda i kommunen vert generelt nytta til rekreasjon, fritidsfiske og friluftsliv. Aktiviteten innanfor planområdet er tidlegare truleg i mindre grad nytta pga. utskipingsverksemda som var her.

Planarbeidet vil ikkje hindre eller skape barrierar for eksisterande bruk eller tilrettelagte område. Ein vil oppretthalde tilkomst og bruk knytt til naust og småbåthamn i nord. Vidare planarbeid skal avklare verknad for friluftsliv i nærområdet og ålmenta si tilgjenge til strandsona.

#### Naturressursar på land

Det er ikkje registrert dyrka mark i det aktuelle området. Store deler av området består av planert næringsområde, samt areal klassifisert som skog i AR5 (barskog av særskild høg bonitet). Statsforvaltaren i Vestland har klassifisert skogen som uproduktiv mark (fylkesatlas.no). Det er ingen grus- eller pukkførekomst innanfor planområdet (NGU).

#### Kystsoner: Fiskeri og ferdsel på sjø

Nærmaste godkjent akvakulturanlegg er Endal Vest i Bremanger kommune. Forholdet til dette anlegget vil verta vurdert i samband med lokalitet-/ konsesjonssøknad for akvakultur på Kalneset. Konklusjonar frå dette vil kunne takast inn i planarbeidet.

Det er ikkje registrert fiskeriinteresser på sørsida av Kalneset. Sjøområda nord for Kalneset er registrert som landnotfiske (Maurstadvika), fiskeplass for aktive reiskap (snurpenot/ ringnot og landnot) og låssettingsplass. Ein vil legge til rette for mindre utviding av naustområde og småbåthamn i dette området. Det er i forslag til KPD for sjøområda lagt inn eit større område for småbåthamn nord for Kalneset.


Det er etablert to større djupvasskaier innanfor planområdet. Næraste navigasjonsinnretning er lykt på Åsneset sør for planområdet. Det er lett tilgang ut til bileia Nordfjord – Faleidfjord. Forslag til utvikling i planområdet vil ikkje vera til hinder for ferdsel på sjø eller endre tilhøva for lykta på Åsnes.

### 1.5 Bokstav G) Forholdet til kommuneplan etc.

I gjeldande kommuneplan for Vågsøy (2002) er planområdet sett av til næring og LNF-areal på land, samt Annen særskilt bruk eller vern og Fiske, ferdsel, natur og friluftsliv.

I forslag til ny kommuneplan for sjøareala i Stad kommune (2.gangshøyring 15.06.2021) er planområdet avsett til næring, småbåthamn, kombinertføremål akvakultur og hamneområde. Deler av næringsarealet er omfatta av faresone ras- og skredfare (område under marin grense). Det er, av det vi kjenner til, ikkje knytt motsegn til forslag til arealføremål innanfor planområdet. Ny kommunedelplan er planlagt vedteke ila. hausten /vinteren 2021.

Området er ikkje tidlegare regulert. Ein er ikkje kjent med at det er andre reguleringsplanar eller oppstart av reguleringsplanar i nærområdet.



Figur 6 Gjeldande kommuneplan for Vågsøy (2002) og mindre kart som syner forslag til KPD sjøareal i Stad kommune (2.gangshøyring 15.06.2021). Lys og mørke lilla = næringsføremål, oransje = naust, grøn = LNF-føremål.

### 1.6 Bokstav H) Vesentlege interesser

Vurderingar av verknader av planforslaget vil verta sett opp mot referansesituasjonen; Dagens planstatus i Vågsøy kommuneplan 2002 (næringsføremål og LNF-føremål), forslag til KDP for sjøareal 2021 - 2031 og eksisterande bruk av området, dvs. eksisterande næringsområde, hamneområde, naust og naturområde.




Forslag til utgreiingstema og vurdering av moglege verknadar:

Tema	Moglege verknader
<b>Naturmangfald</b>	Sjå kapitel 1.4. Naturmangfaldslova §§ 8-12, <i>miljørettslege prinsipp</i> , skal vurderast som del av planarbeidet. Forhold til forureining vil verta vurdert her.
<b>Landskap</b>	Sjå kapitel 1.4. Vidare planarbeid skal avklare behov for inngrep, korleis dei skal løysast og nødvendige avbøtande tiltak. Verknader for naboar og nær- og fjernområde skal vurderast i planframlegget.
<b>Strandsone, friluftsliv / folkehelse</b>	Sjå kapitel 1.4. Verknad for strandsone, friluftsliv /folkehelse knytt til både land og sjø skal vurderast i planen. Verknader for naboar og nærområde skal vurderast i planen. Forhold til forureining vil verta vurdert her.
<b>Kulturminne Kulturmiljø</b>	Sjå kapitel 1.4. Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle planområdet. Det er ingen registrerte verna bygningar eller SEFRAK-registrert bygg innanfor planområdet. Nærmaste registreringar ligg i bygda Bryggja.
<b>Naturressursar</b>	Ikkje relevant utgreiingstema.
<b>Kystzone: Fiskeri og ferdsel på sjø</b>	Sjå kapitel 1.4. Påverknaden for registrerte fiskeriinteresser nord for Kalneset skal vurderast i planframlegget. Forhold til ferdsel på sjø og forureining skal vurderast.
<b>Samferdsel og teknisk infrastruktur</b>	Rv. 15, Nordfjordvegen, går forbi planområdet med fartsgrense 80 km/t. Registrert ÅDT (2020) forbi planområdet er 1600 og 14% del lange køyretøy. Det er ikkje registrert ulukke i eksisterande kryssløysing til næringsområdet. Det er registrert to ulykker dei siste 10 åra på rv. 15 i nærområdet til planområdet. Begge var ved Åseneset sør for planområdet. Ein vil regulere avkøyring til næringsområdet i tråd med Statens vegvesen si handbok N100. Verknad av forventa trafikkmengd og avkøyring til rv. 15, samt bruk av eksisterande infrastruktur skal vurderast. Sjå kapitel 1.3 for energibruk, vassinntak og utslepp. Forhold til klima og energi vil verta vurdert.
<b>Samfunnsverknad Næring, kunnskap, forskning</b>	Intensjonen til tiltakshavarane er å kunne samle kompetanse og forskingsmiljø på ein stad, og på den måten bringe auka kunnskap og teknologisk utvikling i akvakulturnæringa. For tiltakshavar er Kalneset er ein del av ei større satsing i Nordfjord på m.a. integrert havbruk og oppdrett av andre artar enn laks/aure. Ringverknadane av satsinga på SjømatStaden på Kalneset skal synleggjerast i planframlegget.
<b>Samfunnsverknad Sosial infrastruktur</b>	Akvakulturnæringa er viktig for sysselsetting og verdiskaping, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er behov for ein transformasjon av området og store investeringar i grunnarbeid og nye bygg, kaianlegg og lukka anlegg i sjø. Dette vil generere kompetansearbeidsplassar på området, men også store ringverknadar. Samfunnsverknadar knytt til samfunnsøkonomisk og sosial berekraft av planframlegget skal synleggjerast.

### 1.7 Bokstav I) Samfunnstryggleik, ROS

Det skal gjennomførast ROS-analyse som del av planarbeidet, inkl. vurderingar kring beredskap og ulukkesrisiko. I følgje NVE Atlas er ikkje planområdet utsett for flaumfare. Dagens kainivå ligg på ca. kote +3. Framtidig havnivåstiging med klimapåslag og sikkerheitsklasse 2 krev min. høgde kote +2,36. Ein del av planområdet i søraust er omfatta av aktsemdsområde for rasfare snøskred og steinsprang. Store deler av planområdet ligg under marin grense, men potensialet for kvikkleire er liten pga. fjell i dagen.



Figur 7 Utsnitt NVE Atlas

Ein vurderer at sentrale tema i ROS-analysen vil vera stormflo, rasfare, grunnforhold, forureining, trafikktryggleik og oppdrettsrelaterte forhold. Det er planlagt nye kartleggingar for å gjennomføre ROS-analysen; geologisk undersøking og rasfare.

### 1.8 Bokstav J) Kva offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved oppstart

Dei vanlege instansane som skal varslast i samband med oppstart:

- Statsforvaltaren, Fylkeskommune, Statens vegvesen, NVE, Mattilsynet, Kystverket, Fiskeridirektoratet m.fl.
- Grunneigarar på tilgrensande eigedommar
- Eksisterande verksemdar/vel-lag/bygdslag i nærområdet

### 1.9 Bokstav K) Prosessar for samarbeid og medverknad

I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad i plan- og bygningsslova.

Det er ønskjeleg å ha tett dialog med kommunen og andre offentlege aktørar undervegs i planarbeidet for å avklare problemstillingar og løysingar. Det er særleg aktuelt med direkte dialog med Statsforvaltaren og NVE.

Ein vil som minstekrav halde seg til pbl. sine krav til medverknad, kunngjeringar og høyringar, men det er også aktuelt å kalle inn naboar og andre interessentar til informasjonsmøte i løpet av planprosessen. Ein vil vurdere behovet for dette etter melding av oppstart av planarbeidet. Det er eit mål om å etablere eit god samarbeid med lokale interessentar som t.d. bygdeutviklingslaget på Bryggja. Dette for å sikre god dialog, og dermed redusere potensielle for interessekonfliktar.

### 1.10 Bokstav L) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl. gir at ein i planinitiativet skal vurdere om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivaretatt. Forskrift om konsekvensutgreiing § 4 gir at forslagsstillaren skal vurdere om planen vert omfatta av § 6, § 7 eller § 8.

- § 6 b): Reguleringsplan som alltid skal ha planprogram eller melding og konsekvensutgreiing. Unntak frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der framlegg til reguleringsplan er i samsvar med denne planen. Reguleringsplanen for Kalnes næringsområde vert omfatta av § 6 b) då det med stort sannsyn vil verta regulert for næringsbygg med over 15.000 m<sup>2</sup> bruksareal (vedlegg I pkt. 24).

- § 7: Planen fell ikkje inn under § 7, planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding. Planen inneheld ikkje tiltak i vedlegg II som vert handsama etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringsloven, eller skal vedtakast av eit departement.
- §§ 8 og 10: Planframlegget fell inn under § 8 a); reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II: Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei får vesentlege verknadar for miljø og samfunn (vurdering etter §10), men ikkje ha planprogram eller melding.  
Relevante tiltak i vedlegg II er punkt 1 f) akvakulturanlegg og punkt 11 j) næringsbygg. I tabellen under er vurderingane våre etter kriterium i § 10 sett opp.

Kriterium § 10	Vurdering
<i>Eigenskapar ved planen eller tiltaket omfattar:</i>	
<i>a) størrelse, planområde og utforming</i>	Sjå kap. 1.2 og 1.3. Planområdet er om lag 550 daa. Om lag 140 daa av området er i kommuneplan synt til næringsføremål. Tiltaka planen opnar for vil i hovudsak halde seg til kommuneplanen sin arealdel.
<i>b) bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressursar</i>	Sjå kap. 1.4. Det er ingen spesielle naturressursar innanfor planområdet som tiltaket omfattar. Ein vil legge til rette for matproduksjon innanfor planområdet.
<i>c) avfallsproduksjon og utslipp</i>	Det vil ikkje vera avfallsproduksjon innafor planområdet. Området vil bli nytta til land- og sjøbasert matfiskproduksjon og dette krev konsesjon og utsleppsløyve. Det vil bli søkt om og ev. gitt av Statsforvaltaren som ein del av konsesjonen for produksjon.
<i>d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer</i>	Ikkje aktuelt då nye bygningar og anlegg skal prosjekterast etter TEK17. Bygnings-masse skal plasserast utanfor risiko for skred, stormflo og kvikkleire. Det skal gjennom-førast ROS-analyse i planarbeidet.
<i>Lokalisering og påverknad på omgjevnaden omfattar ei vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:</i>	
<i>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernaede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</i>	Ikkje i konflikt med noverande kjente registreringar.
<i>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>	Ikkje i konflikt med noverande kjente registreringar.
<i>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</i>	Planområdet ligg i strandsona. Tilhøve til strandsoneverdiar sjå kap. 1.4. Ein vil legge til rette for attbruk av eksisterande næringsområde og tiltak i samsvar med overordna kommuneplan.

<i>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet</i>	Ikkje aktuelt. Tiltaka planen vil opne for vil i hovudsak vera i samsvar med kommuneplanen sin arealdel (Kommuneplan Vågsøy 2002 og KDP for sjøareala (høyringsversjon).
<i>e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet</i>	Ikkje kjent med at miljøkvalitetsstandard er overskride.
<i>f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning</i>	Vert omtala i søknad om lokalitets-/konesjonssøknad
<i>g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp</i>	Vert omtala i søknad om lokalitets-/konesjonssøknad
<i>h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom</i>	Planframlegget vil ikkje medføre auka risiko knytt til naturfarar. Tilhøve til rasfare, stormflo og grunnforhold skal avklarast i planarbeidet.

#### Tilråding knytt til KU etter forskrifta

Planforslaget vil i hovudsak vil vera i tråd med overordna kommuneplan (Vågsøy og høyringsversjon for KDP sjøareala). Det er få registrerte verdiar/ressursar som vert vesentleg påverka av planforslaget. Areal planlagt til næring og akvakultur i sjø er nyleg konsekvensutgreia som del av KDP for sjøareala i Stad kommune. Ein ønskjer å drøfte med kommunen behov for planprogram etter forskrifta med bakgrunn i forslag til KDP for sjøareala.

Ein vil regulere areala til akvakulturverksemd og potensielt bygningsmasse vil overstige 15.000 m<sup>2</sup>. KU-forskrifta §§ 8 og 10 med vedlegg II gir såleis at planarbeidet skal konsekvensutgreiast. Me vurderer med dette som bakgrunn at planframlegget er omfatta av konsekvensforskrifta, §§ 8 og 10, og skal konsekvensutgreiast. Tema lista i kap. 1.6 er naturlege utgreiingstema. Ein vil supplere lista dersom ein ved varsel om oppstart vert gjort oppmerksom på andre/fleire relevante tema.